DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| 2020/57218-9 | 20/5384-5 | 19. januar 2021 |

# Godkjenning av lånegaranti overfor KODE Kunstmuseer og Komponisthjem - godkjenning av vedtak

Vi viser til søknad av 18. desember 2020 om godkjenning av lånegaranti overfor KODE Kunstmuseer og Komponisthjem.

Fylkestinget har den 16.12.2020, sak 157, gjort følgjande vedtak:

*1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldnarkausjon for lån som KODE Kunstmuseer og Komponisthjem tek opp til etablering av nytt magasin og sluttfinansiering av el-ferja «Ole Bull».*

*2. Garantien omfattar hovudstol på 50 mill. kr, med tillegg av inntil 10 % av hovudstol til renter og kostnader. Maksimalt garantibeløp utgjer 55 mill. kr. Det maksimale garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.*

*3. Garantien gjeld i 30 år frå vedtakstidspunktet med tillegg av inntil 2 år.*

*4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.*

I medhald av kommunelova § 14-19 godkjenner departementet fylkeskommunen sitt vedtak om å stille garanti over KODE Kunstmuseer og Komponisthjem slik det framkommer av fylkestinget sitt vedtak i sak 157.

Godkjenninga er gitt ut i frå dei føresetnadane som ligg til grunn for søknad av 18. desember 2020. Ved endringar i føresetnadane, må ny søknad om godkjenning av garanti sendast til


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon* | Avdeling | Saksbehandlar |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8112 Dep | Akersg. 59 | 22 24 90 90 | Kommunalavdelinga | Hina Ilyas |
| 0032 Oslo | | Org.nr. | | 22 24 72 63 |
| postmottak@kmd.dep.no | www.kmd.dep.no | 972 417 858 | | |

Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Med helsing

Thor Bernstrøm (e.f.)
Fung. ekspedisjonssjef

Hina Ilyas
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*